


VERDSBERØMD EIDAR I MATEMATIKK



Det finnast ikkje ein meir verdsberømd eidar enn matematikaren Sophus Lie. Bysta hans tronar ved Eid operabygg, kunstnar er Elisabeth Steen, eidar ho også.

Nils Henrik Abel og Sophus Lie var våre to store matematikarar. Abel vart berre 26 år, han døydde i 1829 etter 5-6 banebrytande år. Ved sin død var han lite kjend i utlandet. Sophus Lie fekk 56 år, 1842-1899, og han vart viden kjend. Han var professor i Christiania og i Leipzig, fekk priser og var medlem av 11 europeiske akademi. Lie grunnla transformasjonsgruppeteorien, ein heilt ny matematisk disiplin. Lie foreslo i sitt siste leveår at matematikk burde få sin eigen Nobelpris. Først over 100 år seinare, i 2002, beslutta Stortinget å opprette Abelprisen.

På Universitet i Oslo er dei begge, Abel og Lie, godt representerte. Abel i bronse kikkar over på Lie i marmor. Og Lie har sitt eige auditorium og sitt eige konferansesenter. Han har også ein gatestubb oppkalt etter seg, som i andre byar. Sophus var på mange måtar ein hardhaus, ein fjording. Det er fortald at han ein gong gjekk frå Christiania til Moss, så snudde han og gjekk attende. Han skulle hente ei bok. Ei anna historie er frå tida i Paris. Han skulle vidare til Milano, og ville gå, men Frankrike og Tyskland var i krig, og han vart teke til fange av franskmennene. Dei trudde han var spion og hadde med seg koder i notisbøker. Han kom seg ut ved at voktarane fekk seg forklart kvar sin plass langs henholdsvis x-, y- og z-aksen. Då lo dei godt og skjøna at dei berre hadde med ein gal fjording å gjere.

Ein flott konstruksjon,
men prega av vør og vind.
Ingen grunn til å tru at
dette vert betre med åra.
Legg inn kvitt eller
markant farge i tekstane.

v

v

Min tanke er at Sophus Lie er internasjonal og bør i tillegg til formel/signatur-vegg og byste ha ein historisk tavle, på engelsk og norsk. Han er ein viktig historisk person og her han kjem frå bør han også ha eigen plass, formelt eller uformelt:

SOPHUS LIES PLASS.

Freddie Langrind
www.ordtoner.com

